



## Rekonstruksjon av Kristianhuset

Huset har ikkje formell vernestatus, men er registrert i SEFRAK.

Husmannstova, som er frå 1800-talet, brann ned i 2016. Planen er å rekonstruere huset slik det stod før brannen ved bruk av tradisjonelle handverksteknikkar.

Historiske opplysningar, beskriving av kulturminnet:

Tømra stove på 4,4 x 7,1 m i halvannan etasje med liggande kledning og bølgeblekk på taket. Huset skal, i følgje munnleg tradisjon, vere flytta frå Masfjorden til Snekkevika på 1800-talet der den vart sett opp som husmannsstove.

Tiltak og gjennomføring:

Då huset er brent ned til grunnen må alle bygningsdelar rekonstruerast dvs; der er att delar av både laft, opplengjer, bjelkelag, golvbord, sperr og taktro som kan nyttast til mal for kopibygginga. Det finns og mange foto av bygningen før brannen. Med dette, i tillegg til bygningsdelar som ikkje brann opp, har ein god føresetnad for å lage ein god rekonstruksjon/kopi. Det var også laga kopi av dei gamle vindauga i huset før brannen, men desse brann ikkje opp då dei stod på lager klare til å bli montert og kan dermed nyttast i rekonstruksjonen.

Huset var tømra med furu 3 x ca 9 toms rot og topp, lafta med midtstolnov, oppgangsgaga tømmer som er ubearbeidd på utsida og høvla på innsida.

Opplenger var i furu 4 x 4 toms tilverka på to sider.

Bjelkelag i stova var furu 5 x 6 toms høvla i stova og ubearbeidd mot kjellar.

Golvbord var i furu 5/4 toms kilskorne og høvla.

Sperr ca 5 x 5 toms (ulik dim rot topp)

Sutak 1 x 6 toms (ulik dim)

Kledning 1 x 8 toms ufalsa høvla.

Huset skal settast opp ved bruk av tradisjonelle handverksteknikkar.

Materialbruk:

Det er berre nytta furu i dette huset og det vil det og bli i rekonstruksjonen. So langt det let seg gjere vil det bli nytta lokal tømmer.

Huset var tømra med furu 3 x ca 9 toms rot og topp, lafta med midtstolnov, oppgangsgaga tømmer som er ubearbeidd på utsida og høvla på innsida.

Opplenger var i furu 4 x 4 toms tilverka på to sider.

Bjelkelag i stova var furu 5 x 6 toms høvla i stova og ubearbeidd mot kjellar.

Golvbord var i furu 5/4 toms kilskorne og høvla.

Sperr ca 5 x 5 toms (ulik dim rot topp)

Sutak 1 x 6 toms (ulik dim)

Kledning 1 x 8 toms ufalsa høvla.

Anna:

Huset hadde opprinneleg torv og nevertak, men då huset brann hadde det bølgeblekktak og vil difor få bølgeblekktak når det no skal settast opp att. På sikt vil eigar i lag med Museumssenteret i Hordaland lage eit prosjekt/kurs med neverlosting og eit med tekking med never og torv.

Arild Sætre  
Sivilarkitekt  
Museumssenteret i Hordaland